

## Innspel til Prop. 43 L (2024-2025)

Viser til frist for innspel til proposisjon 43 om endringar i energilova (tidleg saksavslutting mv.).

DNT sendte saman med Norsk Friluftsliv uttale til høyringa av lovendringa, og vi har i fleire år tatt til orde for heimel for tidleg avslag, og eit betre rettsvern for naturen i konsesjonssaker for energiutbygging. DNT vil med dette vera tydelege på at kriteria for tidleg avslag bør vera langt meir konkrete og objektive enn proposisjonen har lagt opp til.

### Merknader

- **§ 2-1 tredje ledd:** DNT meiner det er riktig å utvide fristen for å søke konsesjon etter fastsett utgreiingsprogram til å gjelde 3 år.
- **§ 3-1 a:** Vi støttar lovfesting av detaljplanfasen, og meiner dette er eit viktig grep for å vurdere og sette vilkår om miljø- og landskapsmessige forhold. Men vi etterspør framleis ein presisering om at detaljplanen skal sendast på høyring slik forvaltningspraksis er i dag.
- **§ 2-1, annet ledd, d):** DNT støtter innføring av heimel for tidleg avslutning, men meiner at bokstav d bør oppsette tydelegare skrankar for kva som er uakseptable konsekvensar for kva typar miljø. Vi opprettheld vårt forslag om å innarbeide konkrete minimumskriterium for særskild vurdering og/eller avslag, som mellom anna konflikt med fylgjande *miljø*:
  - Inngrepssfrie naturområde i Noreg (INON)<sup>1</sup> og område med truga<sup>2</sup> og utvalde naturtypar<sup>3</sup>
  - Viktige leveområde og trekkområde for truga artar<sup>4</sup>, her under IBAs<sup>5</sup>/KBAs<sup>6</sup>
  - Natur med særleg høgt karbonopptak og karbonlagring
  - Område definert som nasjonalt og regionalt<sup>7</sup> viktige friluftslivsområde<sup>8</sup>

Gjennom å styre nye prosjekt vekk frå verdifulle naturområde har konkrete avlagskriterium eit betydeleg potensiale til å vere konfliktdepande og ressursparande i framtidige utbyggingssaker. Vi har i det siste fleire døme på at kommunar og bygder står ovanfor ressurskrevjande og splittande val i område som truleg ville ha falle inn under miljø-alternativet for tidleg avslutning.

<sup>1</sup> <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/naturkartlegging/Inngrepssfrie-naturomrader/>

<sup>2</sup> <https://www.artsdatabanken.no/Pages/334452/Naturtyper>

<sup>3</sup> <https://kartkatalog.miljodirektoratet.no/Dataset/Details/1007>

<sup>4</sup> <https://artsdatabanken.no/lister/rodlisterforarter/2021>

<sup>5</sup> <https://www.birdlife.no/prosjekter/iba/>

<sup>6</sup> [BirdLife Data Zone](#)

<sup>7</sup> <https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/fagmeldinger/2024/juni-2024/skal-kartlegge-regionalt-viktige-friluftslivsomrader/>

<sup>8</sup> [https://kartkatalog.miljodirektoratet.no/MapService/Details/friluftsliv\\_kartlagt](https://kartkatalog.miljodirektoratet.no/MapService/Details/friluftsliv_kartlagt)

Døme frå Modalen:

- <https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/9z6GRI/de-saumfarte-fjell-i-nordhordland-med-lupe-naa-er-funnene-klare>
- <https://www.bt.no/btmeninger/kommentar/i/25w7Pq/vindkraft-splitter-bygden-modalen-staar-midt-i-en-nesten-umulig-hestehandel>